

## **Styremøte Norsk spaniel klubb avdeling Rogaland. 4. Desember 2018.**

Innkalt av: Leiar Eva Bjelland.

Møtetype: Styremøte.

Deltakarar: Eva Belland, Anita Midthun, Ketil Simonsen, Elisabeth Førland, Aina Sunde Dahl, Hans Hodne, Rut Kverneland Salte.

Referat frå forrige møte: Godkjendt. Kommentar angåande agillity; Eva tek og kontakt med Rita angåande inneværande år(Årsberetning), og neste år.(Aktivitetsplan)

Sak ein; årsmøte. – Årsberetning; dei som har vært ansvarleg for ein eller anna aktivitet eller arrangement, kan gå inn på drop boks, og legga inn informasjon direkte i malen som ligg klar der. Har ein ikkje tilgang til drop boks, bes opplysningar sendt til Ketil eller Eva. –Beste Rogalands hund må oppdaterast, og det må organiserast ein oppmerksamheit til desse.

Andre årsmøte forberedelser; Økonomi.-Me spør Lisbeth om hjelp til dette punktet. –Utstilling, og spanieltreff; Me håpar Bente kan ta seg av det. –Val; Me forventar å få noko skriftleg av valkomiteen før årsmøtet.

Sak to: Økonomi og medlemmer. –Medlemstal pr. nå er 168. Det manglar ennå litt innbetalingar frå jaktprøvar, men ser ut til å gå med overskot i år og. Aina har skaffa vips, og det har så vidt blitt brukt og. Ser ut til å fungera greit.

Sak tri:-Eventuelt. –Fotokurs? Anders (Bruvoll?), har næraast uoppfordra tilbudt seg å være instruktør. Me sett det på foreløpig aktivitetsplan for neste år. Det gjer me og med Jaktkurs for nybyrjarar. –Innspel frå Elisabeth om å laga ei felles facebookgruppe for styret og komitear, med tanke på enkel kommunikasjon. –Nestleiar valgte å tre ut av styret.

Neste møte 22 Januar, heilt sikkert kl.1900, heime hjå Rut.